

KYRKJEMØTET 2009

Kyrkjemøtekomiteen sine merknader og Kyrkjemøtet sitt vedtak

KM 5/09 Myndig tru - mangfaldige fellesskap. Kyrkje med aldersgruppa 18-30 år

Komiteen sine merknader

Komiteen legg saksorienteringa til grunn, og vil komme med følgjande merknader:

- Den norske kyrkja har fastsett ”Kyrkje for 18 – 30” som satsingsområde i visjonsdokumentet for 2009 - 2014. Saka som fremjast for Kyrkjemøtet i 2009 er eit ledd i denne satsinga. Menneske i aldersgruppa 18 – 30 år er ein rikdom for kyrkja og komiteen er glad for at saka er sett på dagsordenen. Det er ei utfordring å utvikla strategiar for kyrkja i møte med denne aldersgruppa, men komiteen har forventningar til prosessen med dette satsingsområdet i åra framover. Arbeidet må sjåast i samband med dei andre planane og reformene i Den norske kyrkja.
- Komiteen ser det framlagte dokumentet som eit grunnlag for det som skal bli eit ressurshefte. Komiteen har handsama dokumentet ved å komme med overordna synspunkt til vidare arbeid, men har valt å ikkje gjere endringar i sjølve teksten. Komiteen vil legge vekt på at ressursheftet må ha ei form som kan inspirera til samtale og refleksjon i kyrkjelydane, slik at det kan utviklast lokale strategiar.
- Komiteen vil peike på at ein må tenkje breitt om aldersgruppa 18 -30 slik at arbeidet i kyrkjelydane omfattar alle døypte.
- Ressursdokumentet har ei hovudvekt på oppbrot. Det er mindre fokus på dei som til dømes ikkje tek høgare utdanning eller ikkje flyttar frå heimstaden. Menneske i alderen 18-30 år representerer eit stort mangfold og mange livsfaser. Det kan vera nytig å kategorisera desse fasane. Arbeidsgruppa frå Oslo bispedømme føreslo å dela aldersgruppa inn i tre fasar: unge uetablerte, unge etablerte og unge etablerte med barn. Komiteen meiner at denne inndelinga kan vere eit formålstenleg verktøy, sjølv om ho ikkje er uttømande.
- Komiteen understrekar at samiske perspektiv må bli tatt godt vare på i det vidare arbeidet med å utvikla ei strategisk.
- Komiteen ber om at det blir arbeidd med å finna eit anna uttrykk i ressursdokumentet enn ”myndig tru”.

Kyrkjemøtet sitt vedtak

1. Kyrkjemøtet utfordrar Den norske kyrkja på alle plan til å vidareutvikla og fornya arbeidet med aldersgruppa 18–30 år. Det er viktig at dette blir gjort i samarbeid med ungdomsorganisasjonar og aktuelle institusjonar i landet vårt. Satsing på denne aldersgruppa er avgjerande for framtida til folkekyrkja.
2. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet om å vidareutvikla ressursdokumentet *Myndig tru – mangfaldige fellesskap* til eit ressurshefte som blir tilgjengeleg for alle kyrkjelydane i Den norske kyrkja og for organisasjonane, og kjem med desse kommentarane:

Kyrkjemøtet vil understreka at målsetjinga med ressursdokumentet må vera at kyrkjelydane blir inspirerte til å arbeida for og med menneske i alderen 18-30 år.

Kyrkjemøtet meiner at ressursdokumentet er eit godt utgangspunkt, men må gjerast mindre akademisk og meir presist. Ein treng også å gjennomgå faktaopplysningane for å få fram både ressursar og utfordringar i denne aldersgruppa.

I tillegg bør desse perspektiva innarbeidast i ressursdokumentet:

- Folkekyrkja med dei møteplassar og tilknytingspunkt ho gir.
 - Breidda av etniske, sosiale og kulturelle erfaringar.
 - Trendar og kulturuttrykk i denne aldersgruppa.
 - Kyrkja som eit fellesskap der mangfold, deltaking, håp og tillit er viktige verdiar.
3. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet innarbeida punktet nedanfor i visjonsdokumentet for Den norske kyrkja under satsingsområdet ”Kyrkje for 18–30”:

”Aldersgruppa 18–30 skal erfara at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg gjennom relasjonsbygging, gode fellesskap og ord og sakramenter.”
 4. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet, saman med bispedømmeråda og kyrkjelydane, om å få fram eit større erfaringsmateriale. Kyrkjemøtet ber om å få saka tilbake som ei strategisk innan tre år.

Samrøystes vedteke. 80 røysteføre.